

Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 Ostereidet  
tlf. 95251995

FYLKESMANNEN I HORDALAND	
SAKSNR:	SEH:
ARKIVNR:	U.OFF. S
MOTTATT DATO: 1 1 SEPT 2014	
TA <input type="checkbox"/>	DATO: SIGN.:
TIDL.REF.:	

Miljøvernavingdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland  
Kaigaten 9  
5015 Bergen

Eknes 09.09.2014

Saka er: Kloakkledning som går over gnr.238 bnr.3 på Eknes i Lindås kommune.

Etter telefonsamtale med Kjell Kvingedal, angående kloakkledningen til Jostein Smådal eigar av 238/55 som ikkje er nedlagt på riktig måte over min eigedom. Eg har hatt kontakt med Lindås kommune, både muntleg og skriftleg om saken. Men det ser ut som dei er redd Smådal og ikkje tører gjera noko med saka. Derfor henvender eg meg til Hordaland Fylke i håp om at dere kan ordna opp.

Det som er saka no er at i fjor sommar kom det ein klage frå ein nabo om at ledningen ikkje låg ut i sjøen som han skulle. Då oppdaga han at slangen var gått av nedom fylkesvegen, og skøyte den saman, og oppdaga at den var tett. Dermed sette han i gang med reperasjon på denne. Og så kom han med krav til meg på eigendel så eg skulle betale til han. Dermed starta saka.

Slangen har som sagt ikkje vert medlagt etter forskriftene, og heller ikkje godkjend av kommunen med ferdigatest. Eg var i kommunen og såg gjennom arkivet til 238/55 og 238/54 som har felles kloakk, der var det kunn ( Midlertidig brukstillatelse på begge to.)

Kommunen etterlyste ferdigatest av Smådal, den påsto han at Kommunen hadde, og etter telefonsamtale med saksbehandlar så var kloakken i orden, berre han la ledningen ut i sjøen. Det har han no fått gjort. Eg synest det er merkeleg at det løyvet som var gjeve i 1980 er fortsatt gyldig når slangen ikkje har lege lenger ned enn i flomålet. Eg kan svara for dei siste 25 åra, men dei som har hytter i området seier att slangen har lege på berget der sidan den var nedlagt.

Men kloakken har ikkje kome til sjøen dei siste 25 åra eller kanskje lenger. Den er som eg ar sagt tidlegare så har den vore av lenger oppe, og kloakken har ronne etter grøftar og i Kvernhusbekken ut i Kvernhusvika som er offentlig badeplass..

Dei slangane dei har skifta ut har dei lagt etter seg i terenget, og noke er greve delvis ned. Det kan vel ikkje vera lovleg?

Eg legg ved brev, dukoment, kart og bilete til orietering om kva som er skjedd.

Dokument 1: Brev frå Småal

Dokument 2: Brev til og frå Lindås Kommune

Dokument 3: Dokoment frå Lindås Kommune sitt arkiv

Dokument 4: Kart over område


Bileder som er tekne den 10.11.2013 og viser korleis det såg ut etter at det var reperert

Det er kobla eit tredje hus inn på i 2005, legg ved kartskisse som viser tillknytingspunktet., og eigaren av det huset er Erik Øxnes.

Så håpar eg at det kan verta ei ordning på dette, for som sagt er slangen til hinder for eigedomen min, på grunn av at me må kjøyra over den for å koma til deler av eigedomen. For der den vert kjøyrd over er det berg under og 2 cm. våt jord over.

Med helsing

Jorun Borge

A handwritten signature in black ink that reads "Jorun Borge". The signature is written in a cursive style with a large initial 'J' and 'B'.

Jostein Smådal  
Eidavegen 254  
5993 Ostereidet  
tlf. 99519856

Jorun Berge  
Eidavegen 207  
5993 Ostereidet

Eknes, 280414

**Gjeld: Skade på kloakkledning – Eknes.**


Viser til mitt brev til Dykk av 170314 – eg kan ikkje sjå at beløpet er innbetalt på oppgitte kontonummer, og heller ikkje at eg har fått svar hjå deg på annan måte.

Eg meiner fortsatt at dette burde kunna bli oppgjort ved at du betaler mitt direkte utlegg (eigenandelen), og at saka derved ville bli avslutta.

**Du får med dette ein ny frist på 14 dagar** – rekna frå mottak av dette brev(normal postgang) - til å betale det angitte beløpet på kr. 6000,- .**I motsatt fall vil eg bringe kravet inn for Forliksrådet.** Det vil då påløpe saksomkostninger som eg i prosessen vil kreve dekket av deg.

Eg håper at me kan unngå ein slik prosess, og imøteser eit oppgjør innanfor den nevnte frist.

Med vennleg helsing

  
Jostein Smådal

Jostein Smådal  
Eidavegen 254  
5993 Ostereidet

Bergen, 17.mars 2014

## KRAV OM BETALING AV EGENANDEL – KLOAKKLEDNING

Undertegnede bistår Jorun Borge.

Jeg viser til Deres brev av 15.02.14, med krav om innbetaling av Deres egenandel på kr 6000.- til Frende Forsikring i saken. De beklages at svar ikke har blitt gitt innen forfall 10.03.14.

Erstatningskravet bestrides.

For at det skal være et erstatningsansvar i det hele for min klient må det foreligge følgende vilkår: ansvar, skade og årsakssammenheng.

Grunnlaget for kravet er høyst uklart. Skaden skal være "tett avløp" med det er ikke utdypet.

De er da eier av selve ledningen, mens min klient eier grunnen.

I brevet fra Dem framgår følgende:

*"Ledningen var deformert og hadde brot på to stader etter grøfting/graving utført av grunneigar."*

Min klient opplyser at dette er helt ukjent for henne. Hun eller hennes familie har ikke utført slikt arbeid i det hele; og dermed er hun ikke ansvarlig for noe her.

De aktuelle bruddene skyldes nok trolig frosten; siden det ligger att kloakk i ledningen.

Også henvisning til telefonsamtale om at ledningen var skadd "under arbeid" med traktor i det aktuelle området er feil. Det som er riktig er at det har vært benyttet traktor til framkomst over området der ledningen ligger altfor høyt og delvis synlig i terrenget. Dette har foregått i ca 25 år. Det er ingen andre alternativer for slik framkomst. Men de er ikke dokumentert at det er dette som er årsak til skaden/ene.

Siden De er eier av kloakkledningen, er det da Deres risiko at den ikke er nedgravd i det området det har vært kjørt med traktor. Min klient har full rett til å ferdes over egen eiendom med traktor, og konkret gjelder det her i forhold til vedhogst. Det er da Deres risiko om det skulle oppstå ev skade etter slik langvaring, som De har vært kjent med. Min klient opplyser

at også andre har kjørt over det aktuelle området, der ledningen ligger. Det betyr at det kan være andre "skadevoldere."

Jeg forstår at dette er en nokså lang ledning. I tillegg er ledningen gammel. Begge disse forholdene øker risikoen for tett avløp og/eller skade som De hefter for.

Det stilles også spørsmål ved om ledningen er lagt ned forskriftsmessig på land. Det samme gjelder kravene til dybde i utløp i og under vann. Det skal være rapportert om luktproblemer her.

Forøvrig opplyser min klient at De ikke tok kontakt med henne som grunneier da De engasjerte firma med maskiner inne på henne eiendom for å åpne det tette avløpet.


Oppsummert:

Skaden/e er ikke dokumentert. Det samme gjelder årsakssammenheng mellom skaden/e og ev handlinger utført av min klient; dvs at det foreligger ikke ansvar.

Erstatningskravet avvises.

Med hilsen

Advokatfirma Mikkel Mundal AS



Mikkel Mundal  
advokat

Jostein Smådal  
Eidavegen 254  
5993 Ostereidet  
tlf.99519856

Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 Ostereidet

Eknes, 170314

**Gjeld: Skade på kloakkledning – Eknes.**

Viser til mitt brev til Dykk av 150214 og til tidlegare samtale på tlf. den 051113.

Eg vil først og fremst få fram at eg ønskjer at me skal kunna gjera opp dette i minneligheit, og det var det som var mi hensikt både i brevet og i tlf.-samtalen.

Du antyda i tlf. at skadane kunne ha blitt påført av traktor m/ kjettingar som hadde kjørt over leidningen , og at leidningen låg for grunt.

Leidningen ligg slik den vart godkjent av Lindås Kommune i 1979 – både med omsyn til trassè og djupne/tildekning.

I tidsrommet sept. 2013 vart det klart for både meg og dei to andre som er tilknytta leidningen, at den kunne vera tett. Det vart forsøkt med spyling den 161013, men dette førte ikkje fram då det viste seg at det ikkje var gjennomstrøyming i leidningen.

Hjelmås VVS rekvirerte då gravemaskin, som avdekka at leidningen på eit tidspunkt tidlegare hadde blitt påført skade på ein måte og omfang som kunne vera forenligt med bruk av maskinelt graveutstyr.

Den einaste som me veit om som har hatt maskinelt graveutstyr på aktuell plass, er deg som grunneigar, og såleis må det vera riktig å retta min henvendelse til deg.

Det er beklageleg at eg/dei andre som er tilknytta, ikkje har fått beskjed om skaden, men likevel ønskjer eg at me no skal kunna gjera dette opp i minnelighet.

Eg har brukt forsikringsavtalen på dette, og skadetaksten / oppgjeret var på kr. 55.449,-.

Eg hadde ein egenandel på kr. 6000,- - denne vart oppgjort ved at eg deltok i reparasjonsarbeidet med egeninnsats ( rekvirert av Hjelmås VVS), og vart berekna til å vera lik egenandelen.

Det kan nevntast at Frende Forsikring vurderte å senda heile kravet til deg som grunneigar, men eg har fått vite av selskapet at saka er avslutta – underforstått at dei ikkje har sendt noko krav til deg.

Såleis har eg berre eit rimeleg krav om at du som grunneigar erstattar kr. 6000,- som då utgjer egenandel/egeninnsats.


Eg har rådført meg med lokalt politi, som er enige med meg om at dette bør kunna ordnast i minneligheit. Eit alternativ til det kan vera at saka vert brakt inn for Konfliktrådet i Lindås Kommune, men personleg meiner eg at dette bør vera unødvendig.

Beløpet **kr. 6000,-** kan fortsatt godskrivas min **konto nummer: 3411 23 10454.**

**Eg vil fortsatt gje deg ein rimeleg frist for innbetaling/ svar, og fristen vert å setja til 12. april 2014.**

Eg ber om at du svarer på denne henvendelse, slik at eg kan vita om dette løyser seg eller ikkje.

Med vennleg helsing



Jostein Smådal

Til  
Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 Ostereidet


Ostereidet 15.02.2014

### **Vedkomande skade på kloakkledning**

Viser til telefonsamtale med Dykk 05.11.2013 vedkomande tett avløp til sjø grunna skade på kloakkledning. Ledningen var deformert og hadde brot på to stader etter grøfting/graving utført av grunneigar. De opplyste i telefon at De kjente til at ledningen vart skadd under arbeid med traktor i det aktuelle området for ei tid tilbake. De valde likevel ikkje å ta kontakt med undertekna om uhellet.

På bakgrunn av dette ber eg om at De betaler eigenandelen i saka pålydende kr. 6000,-  
(Sjå vedlegg)

Beløpet innbetalas til Kontonr: 3411 23 10 454 med forfall 10.03.2014



Jostein Smådal  
Eidavegen 254  
5993 Ostereidet

Vedlegg 1: Frende Forsikring



Jostein Smådal  
Eknes- Indre  
5993 Ostereidet

Bergen, 14.02.2014

**Skadesak: 22328,1    Skadedato: 14.10.2013**

Vi viser til ovennevnte skadesak.

Vi bekrefter at det er trukket kr. 6000,- i egenandel i saken.

Skulle du ha spørsmål i forbindelse med saken, ta kontakt med undertegnede direkte eller Frende Skadeforsikring på telefon 03600.

Vennligst oppgi skadenummer ved henvendelse.

Med vennlig hilsen  
for Frende Skadeforsikring AS

Stig Minde  
Telefon 55153967  
[Skadesenteret@frende.no](mailto:Skadesenteret@frende.no)

Dok 2.

Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 Ostereidet

Lindås kommune

Byggesak

Eknes 31.07.2014

v/rådgjevar Anne Lise Molvik

### **Klage på kloakkledning gbnr 238/3 Eknes indre.**

Dette er ei orietering på brevet eg fekk frå deg datert 10.07.2014.

Det ser ut som du har missforstått det som er fakta i saka. Det var ikkje lekasje på ledningen i myra, der Smådal har lagt ny ledning, der var han flatklemd og tett. Den nye ledningen har 2 cm jord over seg, der me kjøyrer over. Det er lenger oppe mellom fylkesvegen og myra at ledningen har vore av dei siste 25 åra og kanskje lenger, mest sansynleg på grunn av frost. Ledningen er ikkje lagd slik at den tømmer seg, og han er ikkje nedgraven slik at den ligg frostfritt. Så det er mest sansynleg at neste frost vinter så er det problem igjen. Så skal den bli liggande der han ligg, må der sprengast og gravast ner slik at den ikkje kan bli skada og vera til ulempe for ferdsel i området.

Når det gjeld den delen som skal i sjøen, så ser det ut til at det aldri har vore lagt ledning lenger ut det som er vist på bildet som eg sende til deg. Dei som har hytter i samme område og som var bygde på samme tid rundt 1980 seier at den har lege på berget i alle år. Og Smådal bekreftar at ledningen ligg slik den i følge han vart godkjend i 1979. Eg ser han har bestilt koblingstykke, men der er ingen ledning i sjøen som eg kan sjå.

Kommunen burde hatt synfaring og sett korleis det ser ut på staden og korleis ledningen ligg, han er synleg mange stader.


Det løyvet som han fekk i desember 1980 til å utslepp av kloakken til sjø, kan vel neppe vera gyldig i dag? Når den sansynligvis aldri har vore utlagd i sjøen.

Det som gjer at eg skriv dette, er at eg vil gjera deg mersam på at Smådal har stemna saka inn til Forlikrådet, så får me sjå kva utfallet blir, om det stoppar her eller går vidare.

Eg legg ved kopi av tilsvaret som er sendt Forlikrådet, slik at du kan sjå kva advokaten har lagt fram.

Helsing

Jorun Borge



Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 Ostereidet  
tlf. 95251995

Lindås kommune  
V/ Byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Eknes 12.05.2014.

Gjeld: Kloakkledning som går over gnr. 238 bnr. 3 på Eknes.

Hadde ein samtale med kommunen den 06.05.14, og vart der bedt om å senda inn klagen skriftleg.

Den kloakkledningen det dreier seg om, har ikkje lege som han skal sidan eg fekk kontroll over eidedomen. Det vil seia dei seia i 25 år. Eg har ikkje gjort noko med dette her tdlegare, for og unnga nabokrangel. Men me har hatt visse ulemper, som på ein plass kryssa han kjøreveien til utmarka, der ligg ledningen ca. 20 cm. under bakken med berg under og væte. Og mellom fylkesvegen og den dyrka myra nedanfor har ledningen vore avsliten sidan eg overtok, han skjøytt den saman ein gong, men den datt ifrå att etter kort tid. Så kloakken som skulle gått ut i sjøen i Totlandsmyra, har rent etter kanal og bekk til Kvernhusvika som er offentleg badeplass.

Det som gjer at eg no kontaktar kommunen er at Jostein Smådal kjem med krav til meg, og med beskulding at me har gjort hverk på ledningen.

Dette starta i høst med at ein nabo ringde til Erik Øxnes og gjorde han oppmerksom på at enden på slangen låg nedpå berget. (Øxnes har kobla seg på denne ledningen for ca. eit par år sidan.)

Øxnes tok då kontakt med Smådal som då tok til med opprydding, som å skøyta saman ledning og fann då ut den var tett. Kjøyrde inn på min eigeidom med gravemaskin i høljerregn utan og løyve frå meg.

Eg legg ved korspodansen til orietering:

Vedlegg: 1 - 2 - 3 Brev frå Jostein Smådal.

Vedlegg: 4 Kopi av svar frå J. Borge gjennom advokat Mundal.

Vedlegg: 5 Skisse over kloakkledningen.

Vedlegg: Bileder

Bilede 1 – 2 – 3 – 4 – 5 kloakkledningen i sjøen.

Bilede 6 til 17 slik såg det ut etter gravinga som var utført av Smådal i oktober 2013.

Bilede 18 her er påkoblinga til Øxnes merka med kryss, og midt på biledet oppe under berget var det slangen har lege av i 25 år minst, kanskje enda lenger

Bilede 19 spor etter gravemaskina..

Håpar at kommunen vil ta tak i dette så snart som råd, for som det går fram av breva frå Smådal så trua han med forlksrådet. Eg er ikkje så veldig nervøs for det, har snakka med poletiet, og dei sa att eg måtte ikkje betala om eg fekk rekning, men sikra bevis.

Jorun Borge

A handwritten signature in black ink that reads "Jorun Borge". The script is cursive and somewhat stylized, with the first letters of "Jorun" and "Borge" being larger and more prominent.



# LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

KOPI

Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4299 - 14/17640

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.08.2014

## Svar på førespurnad om utvida frist for tilbakemelding.

Vi viser til førespurnad om utvida frist for tilbakemelding på reparasjon av utsleppsleidning. Det vert gitt utsett frist til 30. august for gjennomføring av arbeidet. Det kan ikkje påreknast ytterlegare fristforlengelse.

Med helsing

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Jorun Borge	Eidavegen 207	5993	OSTEREIDET
Jostein Smådal	Eidavegen 254	5993	OSTEREIDET

### Mottakarar:

Hjelmås VVS AS	Leknesvegen 183	5915	HJELMÅS
----------------	-----------------	------	---------

**Fra:** Peder Hagesæter <peder@hjelmaas.no>  
**Sendt:** 15. juli 2014 17:59  
**Til:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** Kloakkledning på 238/3 Eknes Indre

Ref: 14/4299-14/16829

Hei.

Vi har i dag fått i oppdrag å utbedre utslippet hos Jostein Smådal.

Ferieavvikling og at jobben er litt væravhengig gjør at fristen for utbedring kan være kort.

Ber om at fristen forlenges til 30 august.


Med hilsen  
Peder Hagesæter

**Hjelmås**  
VVS

Leknesvegen 183  
5915 Hjelmås

Telefon 56 35 40 50  
Mobil 906 89 888  
[www.hjelmaas.no](http://www.hjelmaas.no)

VVS EKSPERTEN

 Følg oss på  
Facebook



Kundenr. 101386  
**Jostein Smådal**  
Eidavegen 254

5993 OSTEREIDET

Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Foretaksregisteret 988410586 MVA

Bankgiro: 65290507426

IBAN

SWIFT

56354050

56354051

hvjvs@hjelmaas.no

www.hjelmaas.no

### Fakturainformasjon

Fakturadato: 30.12.2013

Leveringsdato: 21.10.2013

Forfallsdato: 26.01.2014

**KID**

### FAKTURA

**8953**

Vår referanse

Peder

Deres referanse

Frende Forsikring

Sum å betale:

55 449,00

**Bankgiro:**

**6529 05 07426**

### Tett avløp til sjø

#### Varenr Varetekst

Ordre nr. 3089 - 16.10.2013 - Rekvirisjon: Skadenr.22328,1

		Antall	Pris %	Sum
100	Spylebil fra Septik 24	1,00	7500,00	7500,00
152	Arbeid rørlegger P.H.	7,50 timer	625,00	4687,50
135	Kjøring	20,00 km	6,00	120,00
<b>31.10.2013</b>				
100	Graving ved Amt Hagesæter	1,00	8600,00	8600,00
152	Arbeid rørlegger P.H.	4,00 timer	625,00	2500,00
135	Kjøring	20,00 km	6,00	120,00
<b>01.11.2013</b>				
2394069	75 PE80 RØR PN10 KV A 75M	60,00 MTR	140,00	8400,00
2537769	75 UNION IJOINT PN16	2,00 STK	387,00	774,00
3074509	110 PP PRAGMA-DVO-RØR M/MUFFE	30,00 MTR	47,50	1425,00
151	Arbeid rørlegger T.M.	7,50 timer	625,00	4687,50
153	Arbeid lærling S.B.	7,50 timer	390,00	2925,00
135	Kjøring	20,00 km	6,00	120,00
124	Organisering / adm.	1,00	2500,00	2500,00

TAKK FOR ORDREN !

Vil du ha faktura med giro? Ta kontakt med oss

Sum eks mva: 44 359,20

+ 25% m.v.a. av kr 44359,2 11 089,80

Etter forfall beregnes renter.

**Totalsum: 55 449,00**

**Sum å betale: 55 449,00**

**MANDAG 21.10.2013 kl. 0900.**

**Tett avløpet må spyles med spylebil fra veien og nedover mot sjøen. Kan være brudd på ledningen.**

**Ledningen må kobles fra og klargjøres for spyling.**

**31.10.2013**

**Registret brudd på ledning nede på en myr ca 150m fra veien. Her må det graves opp. Gravemaskin er bestilt.**

**1.11.2013**

**Ledningen er brudd på to plasser og deformert, så det må byttes ut ca 60m med slange langs med en traktorskogsvei.**

**Trekkerør må til for å beskytte deler av ledningen.**

**SÅ MÅ VI IKKE GLEMME JOSTEIN SIN DELTAKELSE HER, anslår 2 lange dager på han.**

**Jostein er på plass og informerer. Tlf. 99519856**



14/4299

17-June-2014

Jostein Smådal  
Eidavegen 254  
5993 Ostereidet

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17. 06. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

16.06.2014

Lindås kommune  
Byggesak  
v/rådgjevar Anne Lise Molvik

### Saka gjeld: Tilbakemelding vedkomande skade på kloakkledning som går over - gbnr 238/3 Indre Eknes


Viser til brev frå Lindås kommune datert 11.06.14 der De ber om tilbakemelding på følgjande punkt:

- Uttale: Viser til telefonsamtale med dykk i dag 16.06.14 vedkomande saka.
- Dokumentasjon på godkjent utsleppsløyve med kartfesta trase og utsleppsstad:  
Sakspapira frå 1980 – 81 vedkomande dokumentasjon på godkjent utsleppsløyve og kartfesta trase om utsleppsløyve er arkivert Lindås kommune sine arkiv for byggesaker
- Dokumentasjon på reparasjon av lekkasje:  
Dokumentasjon og rapport frå Hj elmås VVS for utført reparasjon av lekkasje med ordredato 16.10.2013 ligg ved

Merknad:

Det er også bestilt koplingsstykke til reparasjon av slangen som ligg i vannlinja.

Med helsing

  
Jostein Smådal

Vedlegg 1: Kopi Hjelmås VVS



KOPI

Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 ØSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4299 - 14/16829

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.07.2014

## Klage på kloakkleidning gbnr 238/3 Eknes indre.

Kommunen viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Eigar av kloakkleidningen er ansvarleg for drift og vedlikhald av anlegget og at forureining ikkje oppstår. Kommunen har registrert at lekkasje på leidningen i myra er reparert. Når det gjeld behov for reparasjon av slangen der han vert ført ut i sjø må dette reparerast straks slik at vilkåra i utsleppsløyvet vert stetta.

Vi ber om tilbakemelding med dokumentasjon på utført reparasjon på kloakkleidningen innan 10. august. Dersom dokumentasjon er mottatt innan fristen ser kommunen på saka som avslutta. Kommunen tek ikkje stilling til privatrettslege høve i saka.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jorun Borge

Eidavegen 207

5993

ØSTEREIDET

**Mottakarar:**

Jostein Smådal

Eidavegen 254

5993

ØSTEREIDET





# LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

KOPI

Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4299 - 14/14087

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.06.2014

## Gjeld mottatt klage på kloakkledning - gbnr 238/3 Eknes indre.

Kommunen viser til klage på kloakkledning på gbnr 238/3 mottatt 12.05.2014.

Før kommunen handsamar saka ber vi om Dykkar uttale. Vi ber vidare om at det vert send inn dokumentasjon på godkjend utsleppsløyve med kartfesta trase og utsleppsstad. Dokumentasjon på reparasjon av lekkasje bør også leggjast ved.

Vi ber om tilbakemelding innan 02.07.2014.

Kommunen vil ved handsaminga av klagen sjå på dei forureiningsmessige sidene av saka. Når det gjeld privatrettslege tilhøve er dette tilhøve som kommunen ikkje tek stilling til.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Klage på kloakkledning - gbnr 238/3 Eknes

### Kopi til:

Jorun Borge	Eidavegen 207	5993	OSTEREIDET
-------------	---------------	------	------------

### Mottakarar:

Jostein Smådal	Eidavegen 254	5993	OSTEREIDET
----------------	---------------	------	------------

Dok. 3

Kommunalforvaltningen

# MIDLERTIDIG BRUKSTILLATELSE

for arbeid etter § 93 i bygningsloven av 18.6.65.

Jfr. § 99 nr. 2 og 3.

Byggeplass (adresse)		Matr.nr.	G.nr.	B.nr.	Parsell nr.
Eknes			238		
Arbeidets art	Byggets art	Søknadens dato	Bygningsrådets eller bygningssjefens vedtak		
Nybygg	Einestad	25.11.75	dato 31.8.76	sak 456/76	
Byggherrens navn		Adresse		Telefon	
Jostein Smådal		5167 OSTEREIDET			
Anmelderens navn		Adresse		Telefon	
Ansvarshavendes navn		Adresse		Telefon	
Jostein Smådal (gr.arb.)		"		"	
Svein Ebbesvik (tømmerarb.)		"		"	

Arbeidet sett i gang i sept. 1978.

Arbeidet er besiktiget. I medhold av bygningslovens § 99 gis det herved midlertidig brukstillatelse

for nevnte bygg

for følgende del av nevnte bygg:

Ferdigattest må begjæres senere av ansvarshavende, men attesten kan ikke gis før nedenslående arbeid er utført.

1. Utv. planering og inntilfylling.
2. Utv. puss av kjellarmur.
3. Puss av ytterveggen i vaskerom.
4. Fullføring av kloakk til sjø i samsvar med vedtak i bygn.rådet

Dette arbeid må være fullført innen 1.7.81

Isdalstø den 8.1.81

for

Sendes:

- byggherren
- anmelderen
- ansvarshavende
- byggeplovmyndighet
- Folkeregisteret

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

*Bjarne Nyhammer*

Bjarne Nyhammer

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 16.12.80
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 238 Eknes indre	SAK NR. 733/80
Byggherre/møldar Jostein Smådal Svein Ebbesvik	Adr. 5160 Eikangervåg c/o Smådal, 5160 Eikangervåg	
Saka gjeld	To einebustader - Endring av kloakkutslepp - Bruksløyve	

## Vedlegg:

Som nemnt i bygn.rådssak 145/76, 456/76 og 457/76  
Skriv dat. 15.12.80 frå Jostein Smådal og Svein Ebbesvik

## MERKNAD:

Byggherrane har den 15.12.80 sendt brev til bygningsrådet om å få endra godkjent kloakkutslepp med utslepp til sjø. Slamavskiljaren er bygd, men kloakkleidningen til sjø er ikkje nedgraven. Vidare har den eine av byggherrane, Jostein Smådal, bedt om å få mellombels bruksløyve slik at han kan få konvertert lån i husbanken.

## SAMRØYSTES VEDTAK:

I samsvar med § 99 nr. 2 i bygningslova kan bygningsrådet etter søknad dat. 15.12.80 godkjenna endra kloakkutslepp og gjeva mellombels bruksløyve på følgjande vilkår:

1. I samsvar med § 66.2 i bygningslova, og med attherhald om at helserådsordføraren ikkj har noko å merkja, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til minst 10 m under fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 1.5.80, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømast frå tankvogn. Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigaren av eigedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sette av helse- rådet og bygningsrådet for å betra på tilhøva. Anlegget skal vera utført innan 1. juli 1981. Dersom helserådsordføraren finn det turvande, må søknaden også leggjast fram for helserådet til godkjenning.
2. Det skal stillast bankgaranti for ein sum på kr 10.000,- - kronertitusen 00/100 - som trygd for at det som er nemnt under pkt. 1 vert utført.
3. Mellombels bruksløyve vert sendt når det ligg føre bankgaranti påført ovannemnde tidsfrist og sum.
4. Manglar utover pkt. 1 vil koma som pålegg frå bygningskontrolløren.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD



Utskrift sendt til

Jostein Smådal  
Svein Ebbesvik  
Helserådsordføraren

5100 Isdalstø, 26. januar 1981

Jostein Smådal, 5160 Eikangervåg

Svein Ebbesvik, c/o Smådal, 5160 Eikangervåg

#### MELDING I FORVALTNINGSSAK

I samsvar med § 27 i forvaltningslova vert det med dette meldt at det den 16. desember 1980 i sak 733/80 av Lindås bygningsråd, 5100 Isdalstø er gjort vedtak som vedlegget syner.

Vedtaket kan påklagast til kommunal- og arbeidsdepartementet v/fylkesmannen i Hordaland jfr. § 17 i bygningslova.

Klagefristen er 3 - tre veker frå den dagen brevet kom fram til mottakaren. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast til Lindås bygningsråd. Han skal vera underskriven, nemna det vedtaket som det vert klaga på, gjeva opp dei endringar som er ønskjelege og dei grunnar De vil føra for klagen.

Dersom De klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk gjeva opp når denne meldinga kom fram. Om løyve til å få klagefristen forlengja, og om løyve til å påklaga vedtaket sjølv om klagefristen er ute m.m., gjeld elles føresegnene i § 29 - 32 i forvaltningslova. Om oppsetjande verknad av klage gjeld § 34 i forvaltningslova. Har De ikkje høve til å gjera Dykk kjend med desse føresegnene, eller De treng rettleiing om kva De skal eller kan gjera, kan De venda Dykk hit.

For Lindås bygningsråd





LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ  
TLF. 350555

LINDÅS KOMMUNE  
TEKNISK SJEF  
00815 23.03.81  
Arkiv nr. 238.3

TIL HELSERÅDSORDFØRAREN

<sup>endra</sup>  
Løyve til kloakkutslepp frå lustadhusa for  
Jostein Smådal og Svein Ebbesvik på parollar an  
gnr. 238 bnr. 3 Eknes indre

Det er gjeve løyve til kloakkutslepp som spesifisert i  
sak 733/80 frå møte 16.12.80

Vedlagt følgjer saka til gjennomsyn og evt. handsaming i  
helserådet.

For Lindås bygningsråd

26. jan. 1981

*Christen Storchheim*

Helserådsordføraren har ikkje noko å merkja til  
bygningsrådet sitt vedtak.

Saka må handsamast i helserådet.

.....


*An. 17/8*  
..... 1981

*Steinar Storch*  
.....  
helserådsordførar

Fosteris Snådal har mündlig sjunt  
on mellomets bruktøpe.

16/12-80 L. J. Altkar





114

Linda's byggningsråd.  
Jødalstø.

Viser til gækkent søknad  
av 3/11-75 om utslipp av kloakk  
i Spreidningsgrøft

Me er sunare komme fram til  
at me vil la kloakkutslippet  
gå i sjøen. Utslippet kjem  
då ca 30m. fra Jøtlandsveita,  
der vi lita det renn ut.

Størrelsen på Septikutankene  
ledningen har vi størrelse på  
65 mm innvendig mål.

Svein Ebbesvik  
Pstein Smådal

Eikangerveig 15-12-80

## MIDLERTIDIG BRUKSTILLATELSE

for arbeid etter § 93 i bygningsloven av 18.6.65.

Jfr. § 99 nr. 2 og 3.

Byggeplass (adresse)		Matr.nr.	G.nr.	B.nr.	Parsell nr.
Eknes Indre			238		
Arbeidets art	Byggets art	Søknadens dato	Bygningsrådets eller bygningssjefens vedtak		
Nybygg	Einebustad	25.11.75	dato 31.08.76	sak 457/76	
Byggherrens navn		Adresse		Telefon	
Svein Ebbesvik c/o Smådal		5167 Ostereidet			
Anmelderens navn		Adresse		Telefon	
Ansvarshavendes navn		Adresse		Telefon	
" " "		" "			

Byggemelding motteken 13.07.76

Arbeidet sett i gang i september 1978

Arbeidet er besiktiget. I medhold av bygningslovens § 99 gis det herved midlertidig brukstillatelse

 for nevnte bygg for følgende del av nevnte bygg:

Ferdigattest må begjæres senere av ansvarshavende, men attesten kan ikke gis før nedenstående arbeid er utført.

1. Utvendig planering
2. Innvendig kjellartrapp
3. Innreiing av kjellar, samt vaskerom
4. Avtrekkskanalar frå kjøken, bad/W.C. og vaskerom til takhette. Eventuelt mekanisk avtrekk ut til det fri.


Dette arbeid må være fullført innen 01.09.84

5100 Isdalstø, den 26.03.84

Sendes:

- byggherren m/attestert teikning
- anmelderen
- ansvarshavende
- byggeløyvemyndighet
- Folkeregisteret
- Heradskassen
- 

for **BYGNINGSSJEFEN I LINDÅS**

bygningsjef  
  
 Bjarne Nyhammer  
 bygningskontrollør

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTG	Møtestad Teknisk kontor	Møte dato 16.3.76
Sakshandsamar Ekkeren	Matr.nr. gnr. 238 bnr. 3 Eknes	SAK NR. 145/76
Byggherre/møidar Ivar Eknes	Adr. 5160 Eikangervåg	
Saka gjeid	Bustadtomter - 2 stk. til Svein Ebbesvik og Jostein Smådal	
Vedlegg:		
<p>Søknad datert 3.11.75 frå Svein Ebbesvik og Jostein Smådal om utslepp av kloakk</p> <p>Søknad datert 3.11.75 om frådelling av tomt til Jostein Smådal, vedlagt kartkopi 1:5000 og kartskisse 1:1000</p> <p>Søknad datert 3.11.75 om frådelling av tomt til Svein Ebbesvik, vedlagt kartkopi 1:5000 og kartskisse 1:1000</p> <p>Søknad datert 3.11.75 frå Jostein Smådal og Svein Ebbesvik om avkjørsel til R.V. 14</p> <p>Søknad datert 3.11.75 frå Sigurd Smådal om kryssing av R.V. 14 med kloakk</p> <p>Uttale frå vegmeister Veland datert 27.11.75, vedlagt avkjørsels-skisse</p> <p>Godkjenning frå fylkeslandbruksstyret til frådelling av tomter til Svein Ebbesvik og Jostein Smådal, datert 19.1.76</p>		
TILRÅDING:		
<p>I samsvar med § 63 i bygningslova godkjenner bygningsrådet deling av eigedom i samsvar med søknaden, men slik det er teikna inn på kart datert teknisk kontor den 25.2.76, og på følgjande vilkår:</p>		
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Avkjørsel til riksveg skal vera godkjend av Hordaland vegkontor. (§ 66.1)</li> <li>2. Det skal vera tinglyst rett til veg over tomta til Jostein Smådal for tilkomst til tomta til Svein Ebbesvik. Kopi av erklæring om slik rett skal sendast bygnings-sjefen før søknad om byggjetillatesle kan handsamast. (§66.1).</li> <li>3. I samsvar med kloakkforskriftene av 22.4.75 og med atterhald om helserådet si godkjenning, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til sandfiltergrøft, slik det går fram av særskilt skriv til Jostein Smådal og Svein Ebbesvik, datert 25.2.76. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn.</li> <li>4. Tomta skal tilknyttast offentleg eller anna felles vass- og kloakksystem og eventuell overvassleiding dersom dette vert anlagt i området.</li> </ol>		
.../...		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til	
	Ivar Eknes	Hordaland vegkontor
	Svein Ebbesvik	Lindås helseråd
	Jostein Smådal	

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTO	Møtestad Teknisk kontor	Møte dato 16.3.76
Sakshandsamar Ekkeren	Matr.nr. gnr. 238 bnr. 3 Eknes	SAK NR. 145/76
Byggherre/melder Ivar Eknes	Adr. 5160 Eiknagervåg	
Saka gjeld	Bustadtomter - 2 stk. til Svein Ebbesvik og Jostein Smådal	
Vedlegg:		
Forts.		
5. Skylddeling kan ikkje finna stad før vilkåra om godkjenning frå andre instansar er ordna.		
VEDTAK:		
Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Ivar Enes Svein Ebbesvik Jostein Smådal	
	Hordaland vegkonto. Lindås helseråd	

Jostein Simådal, 5167 Osteneidet

Svein Ebbesvik, 5086 Salhus

GNR. 138 BNR. 3

I medhald av Lov om vern mot vassforureining av 26. juni 1970 § 10  
2. leden vert det gjeve løyve til at

Jostein Simådal og  
Svein Ebbesvik

i samsvar med "Forskrifter for kloakkutslepp frå spreidd bustad  
og fritidsbebyggelse" gjeve av Miljøverndepartementet 22. april 1975  
med tilhøyrande retningsliner inntil vidare

~~å sleppa kloakk ut i grunnen /~~ sleppa kloakk ut i bekk som  
går til Totlandsvika

Løyve omfattar kloakk frå 2 bustad(er) ~~hytte(r)~~ med/utan  
WC i samsvar med søknad av 30.5.11. 1975

./ Eit eksemplar fylgjer i retur.

Avlaupsanlegget skal utførast med ~~infiltrasjonsgrøft / synkekum /~~  
~~resorpsjonsgrøft /~~ sandfiltergrøft etter retningslinene punkt 7.  
Elles gjeld retningslinen punkt 8.

Ein gjer spesielt merksam på at slamavskiljaren skal tømmast ein  
gong pr. år ~~ein gong kvart tredje år~~ jfr. retningslinene punkt 8.

Pkt. 3 Dimensjonar på slamavskiljar: D 1 1800 mm. D2 = D3 1400 mm  
Forskr. side 13, 14, 15, 16  
og 31. H 1250 mm.  
Totalt vassvolum: 7 m<sup>3</sup>

Pkt. 4 Dimensjonar på infiltrasjons- Lengd av grøft — m.  
anlegg: Tal grøfter — stk  
Forskr. side 9, 17, 18, 19, 28  
29 og 30. Infiltrasjonsareal — m<sup>2</sup>.

Pkt. 7 Dimensjonar på sandfiltergrøft: Lengde av grøft 40 m.  
Forskr. side 10, 22 og 23. Tal grøfter 40 m x 2 stk

Sjølv om løyve er gjeve pliktar den som voldar forureining å svara  
erstatning som måtte fylgja av alminnelege erstatningsreglar jfr.  
§ 11 siste leden i lov om vern mot vassforureining.  
Ein syner og til § 10 nest siste leden, og § 12 vedkommande opp-  
seiingstid og mogleg endring av vilkåra. Søkjaren kan seinare verta  
pålagt tilknytning til eksisterande eller planlagt kloakknett, av-  
skjærandeleidning eller reinseanlegg jfr. § 10.

Denne avgjerda kan påklagast av partane i saka innan 3 veker frå meldinga om avgjerda er motteken.  
Klagen skal vera grunngjeven og innan utlaup av fristen sendast bygningsrådet.

Isdalstø, den 25.2.1976.

for Lindås bygningsråd

S. Eikem

Kopi sendt til: fylkesmannen

Ivar Ehn

Jostein Smådel

Svein Ebbesvik

Bilag: Helserådet sitt vedtak av \_\_\_\_\_ 19\_\_\_\_ sak \_\_\_\_/\_\_\_\_.

Bygningsrådet sitt vedtak  
av 16.3.1976 sak \_\_\_\_/\_\_\_\_.

Jostein Smådal, 5167 Ostereidet

Svein Ebbesvik, 5080 Salhus

Gnr.238 Bnr.

I medhald av Lov om vern mot vassforureining av 26. juni 1970 § 10 2. leden vert det gjeve løyve til at

JOSTEIN SMÅDAL OG

SVEIN EBBESVIK

i samsvar med "Forskrifter for kloakkutslepp frå spreidd bustad og fritidsbebyggelse" gjeve av Miljøverndepartementet 22. april 1975 med tilhøyrande retningsliner inntil vidare

~~å sleppa kloakk ut i grunnen/sleppa kloakk ut i bekk som går til Totlansvika~~

Løyve omfattar kloakk frå 2 bustad(er) hytte(r) med/utan WC i samsvar med søknad av 19

Eit eksemplar fylgjer i retur.

~~Sluttsanlegget skal utførast med infiltrasjonsgrøft/synkekum/ resorbsjonsgrøft/sandfiltergrøft etter retningslinene punkt 7~~

Ein gjer spesielt merksam på at slamavskiljaren skal tømmast ein gong pr. år/ein gong kvart tredje år, jfr. retningslinene punkt. 8.

Punkt 3 Dimensjonar på slamavskiljar: D 1 1800 mm D 2 = D 3 1400 mm H 1250 mm

Totalt vassvolum: 7 m<sup>3</sup>

Punkt 4 Dimensjonar på infiltrasjonsanlegg:

Lengd av grøft m

Tal grøfter stk.

Infiltrasjonsareal m<sup>2</sup>

Punkt 7 Dimensjonar på sandfiltergrøft:

Lengde av grøft 40 m

Tal grøfter 2 stk. a 20 m.


Sjølv om løyve er gjeve pliktar den som voldar forureining å svara erstatning som måtte fylgja av alminnelege erstatningsreglar, jfr. § 11 siste leden i Lov om vern mot vassforureining.

Ein syner og til § 10 nest siste leden, og § 12 vedkomande opp-  
seilingstid og mogleg endring av vilkåra. Søkjaren kan seinare  
verta pålagt tilknytning til eksisterande eller planlagt kloakk-  
nett, avskjarande leidning eller reinseanlegg, jfr. § 10.

Denne avgjerda kan påklagast av partane i saka innan 3 - tre veker  
frå meldinga om avgjerda er mottaken.  
Klagen skal vera grunngjeven og innan utlaup av fristen sendast  
byggningsrådet.

Isdalstø, den 25. februar 1976

for Lindås bygningsråd


  
Steiner Ekkeren

Kopi sendt til: Fylkesmannen i Hordaland.

Bilag: Helserådet sitt vedtak av 6. 4. 19 76 sak 73/76

Bygningsrådet sitt vedtak av 16.3.19 76 sak 145/76






# Eknes



Slamvaskingen



Målestokk = 1:1660



<ul style="list-style-type: none"> <li>ssr_vann</li> <li>ssr_land</li> <li>Arealbrukspunkter</li> <li>Steinbrudd</li> <li>Arealbruk (generell grenselinje)</li> <li>Hage/park</li> <li>Lekkeplass</li> <li>Forts.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Industriområde</li> <li>&lt;all other values&gt;</li> <li>● Adressepunkt</li> <li>● Kulturminnepunkt</li> <li>• Vern, kulturminneolovten</li> <li>• Other</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bygningsmessige anlegg - punkter</li> <li>§ Bauta, statue</li> <li>2 Flaggstang</li> <li>● Bronn</li> <li>● Bomsjåpump</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Bygg_punkt</li> <li>N50_Bebyggelse</li> <li>□ Bolighus</li> <li>□ Gard</li> <li>• Fritidsbolig</li> <li>• Uthus</li> <li>■ Industri</li> <li>Forts.</li> </ul>
--	---	--	---







3



4





5



6



7



8



I overflata

Avløpsvatn





11  
Her har slangen vore av i minst 25 år kansje meir.

